



Det vart eit imponerende resultat under den første innsamlinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Elevrådet ved skulen har gjeve grønt lys for ein ny runde med innsamling av hemper av titan som skal sendast til Thailand og nyttast til produksjon av protesar for folk som har mista armar eller bein. Innsamlinga i siste skuleår, som Tor Edward Taranger hadde ideen til etter innsamling på Stafjord B, var svært vellukka.**

Kvinnheringen meldar at det også i dette skuleåret blir ei tevling med premiar når aksjonen vert avslutta il våren - og premien vert eit gåvekort på Husnes Storsenter.

Innsamlinga er i regi av elevane sjølve og hempene blir sendt direkte til Thailand. Elevane fekk god hjelp frå foreldre, søsken og vener under den første innsamlinga og dei håpar på same hjelpa i år.



Innsamlinga frå dei einskilde klassane i gang. (Foto: Ola Matti Mathisen)